

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 96/58/EF**av 3. september 1996****om endring av direktiv 89/686/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om personlig verneutstyr(*)****EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegn frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

I medhald av direktiv 89/686/EØF⁽⁴⁾ må alt personleg verneutstyr (PVU) vere påført CE-merking, og saman med merkinga må det i tillegg opplystast om i kva år merkinga vart påført.

Ei slik opplysning om påføringsåret aukar ikkje tryggleiken for brukaren av PVU. Opplysninga kan forvekslast med den bruksfristen som må påførast PVU som er utsett for aldring.

Påføringa av årstalet er til ulempe for produsentane av PVU. Kostnadene i samband med dette er monalege.

Etter nærleiksprinsippet kan ei forenkling for produsentane som følgje av oppheving av kravet om å opplyse om i kva år CE-merkinga vart påført, berre gjennomførast ved eit direktiv som endrar direktiv 89/686/EØF -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 236 av 18.9.1996, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 68/97 av 4. oktober 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. C 23 av 27.1.1996, s. 6.

⁽²⁾ TEF nr. C 97 av 1.4.1996, s. 8.

⁽³⁾ Europaparlamentsfråsegn av 22. mai 1996 (TEF nr. C 166 av 10.6.1996, s. 60), felles haldning frå Rådet av 10. juni 1996 (TEF nr. C 220 av 29.7.1996, s. 11) og europaparlamentsavgjerd av 17. juli 1996 (TEF nr. C 261 av 9.9.1996).

⁽⁴⁾ TEF nr. L 399 av 30.12.1989, s. 18. Direktivet endra ved direktiv 93/68/EØF (TEF nr. L 220 av 30.8.1993, s. 1) og direktiv 93/95/EØF (TEF nr. L 276 av 9.11.1993, s. 11).

Artikkel 1

I vedlegg IV til direktiv 89/686/EØF går følgjande tekst ut:

«Tilleggsopplysninger

- De to siste sifrene i det året da CE-merkingen ble påført. Denne opplysningen kreves ikke for de PVU som er nevnt i artikkel 8 nr. 3.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 1. januar 1997 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. januar 1997.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 3. september 1996.

For Rådet

For Europaparlamentet

I. YATES

K. HÄNSCH

Formann

President